

# Lover for Arne Musikforening

## **§ 1 ORGANISASJON**

Arne Musikforening, stifta 4. nov. 1877 er medlem av Norges Musikkorps Forbund; NMF, og tilhører NMF Hordaland Krets

### **Organisering av musikkorpset**

- a. Musikkorpset har fylgjande aldersbestemmelser
  - Musikantar i skulekorpset kan bli aspirant i amatørkorps frå 1. august det året dei fyller 13 år.
  - Medlemmet skal prioritera og oppfylle sine forpliktelser i skulekorpset.
  
- b. Dersom korpsa ikkje vert einige om lokal organisering skal skulekorps og amatørkorps deles inn etter fylgjande regler:
  - Ein kan være medlem i skulekorps til 31. juli det året ein fyller 19 år.
  - Medlem i skulekorps kan bli aspirant i amatørkorps frå 1. august det året ein fyller 13 år. Aspiranten skal prioritera og oppfylle sine forpliktelser i skulekorpset.
  - Medlemmer til amatørkorps vert teken opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.
  
- c. Usemje i samband med overståande punkt skal avgjerast av region-/kretsstyret

## **§ 2 FORMÅL**

Arne Musikforening har som formål å vekke og stimulera interessa for god musikk og der igjennom for alt byggjande kulturarbeid.

## **§ 3 MEDLEMSKAP**

### **3.1 Opptak av medlemmer**

Musikantar og andre interesserte kan takast opp som medlemmer i musikkorpset av korpset sitt styre.

Medlemskap for barn som ikkje er fylt 15 år må være skriftleg og godkjend av føresette. Ved innmelding i korpset, vert ein automatisk medlem i NMF.

Musikantar frå skulekorpset kan takast opp som aspirantar. Medlemspliktene i aspiranttida skal fylgjast i høve til skulekorpset.

Medlemmer som har vore aktive i minst 10 år, kan halda fram som passive medlemmer mot å betala årspengar. Passive medlemmar har framlegg- og røysterett på årsmøte og medlemsmøte.

Styremedlemmer må være medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMFs database.

### **3.2 MEDLEMSPLIKTER.**

- a. Alle medlemmer pliktar å fylgje musikkorpset, NMF og kretsen sine vedtekter, reglement og lovlege vedtak.
- b. Alle nye medlemmer skal levera inn medlemsopplysningar på gjeldande innmeldingsskjema. Ved endring av registrerte opplysningar, skal medlemmene snarast gje melding til korpset sitt styre. Opplysningane skal sendast vidare på gjeldande skjema/medium for registrering i NMF sin medlemsdatabase. Det vert ikkje gjeve løyve til å reservera seg mot registrering. Instrumenter, uniformer og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan føra til

- økonomisk ansvar for korpset og/eller føresette.
- Medverknad i andre korps, eller bruk av korpset sine eignelutar i andre musikkaktivitetar skal det forleggje skriftleg søknad om. Styret kan åleine tilrå eller avslå søknaden.
  - Medlemmer som arbeidar mot laget sine interesser eller bryt laget sine lover og vedtekter, eller viser usømmeleg framferd mot styret eller nokon av laget sine medlemmer, kan med 2/3 fleirtal verta røysta ut frå laget. Korpset sitt vedtak kan ankast inn for kretsstyret.
  - Medlemmer vert melde ut av NMF ved utmelding frå korpset
  - Æresmedlemmer vert valde av medlemmene etter framlegg frå styret.

### **3.3 Rapporteringsplikt og kontingent**

- Musikkorpsåret følgjer kalenderåret
- Årsmøtet fastset til kvar tid kontingenten.
- Styret kan redusere kontingenten for aspirantar, skuleelevar og andre.
- Kontingenten skal vera betalt ved forfall.
- Musikkorpsset skal kvart år sende årsrapport og medlemsopplysningar til NMF på avtalt skjema/medium til ei kvar tids fastsette frist. Det er ikkje høve til reservasjon mot registrering.
- Musikkorpsset skal betala kontingent til NMF innan 1. februar. Kontingenten vert rekna etter korpset sitt registrerte medlemstal pr. 31. desember.

### **3.4 Utmeldinger**

Medlemmer som ynskjer å melde seg ut må gje melding om dette til musikkorpssets styre. Medlemmer meldes ut av NMF ved utmelding fra musikkorpsset. Betalt kontingent vert ikkje refundert ved utmelding.

### **3.5 Suspensjon og eksklusjon**

- Styret kan iverksette disiplinære tiltak overfor medlemmer som ikkje retter seg etter gyldige vedtekter, regler og vedtak, eller er til skade for musikkorpssets aktivitet.
- Styret kan suspendere medlemmer for eit bestemt tidsrom.
- I grovere tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.
- Musikkorpssets suspensjons- og eksklusjonsvedtak kan ankast inn for region-/kretsstyret.

## **§ 4 PROGRAMRÅD.**

Leiar, dirigent og eit medlem er programråd for laget. Dei skal koma med framlegg til styret om:

- Opptak av nye medlemmer og kva instrument dei skal spela.
- Program for øvingane, tid for ordinære og ekstraordinære øvingar.
- Konsertar og program for desse.
- Kjøp av notar og instrument.
- Tilsetjing av dirigentar, instruktører m.v.

## **§ 5 ÅRSMØTE.**

### **5.1 Status**

Årsmøtet er Arne Musikforening si høgste myndigheit.

### **5.2 Årsmøteperiode, innkalling, og saker til årsmøtet.**

- Ordinært årsmøte skal haldast kvart år i løpet av februar månad.
- Det kallast inn til ekstraordinært årsmøte om styret eller 1/3 av medlemmene i Arne Musikforening krev det. Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte og to veker før ekstraordinært årsmøte.
- Årsmøtet skal taka avgjerd i alle saker framlagt av styret. Saker som medlemmene vil ha fram på årsmøtet, må vera levert styret to veker før årsmøtet.

- d. På årsmøtet pliktar styret å leggja fram saker som kjem inn i rett tid.
- e. Styret si årsmelding, ettersett rekneskap, valkomiteen si innstilling og saker til behandling på årsmøtet bør sendast medlemmene før årsmøtet.

### 5.3 Representasjon, rettigheter og voteringer

- a. På årsmøtet deltar musikkorpsets medlemmer, passive medlemmer, aspirantar og gjester invitert av styret.
- b. Følgjande har tale-, forslags- og stemmerett:
  - Medlemmer, passive medlemmer og aspirantar.
  - styret sine medlemmer i alle saker, men ikkje stemmerett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.
- c. Følgjande har talerett:
  - Representantar frå NMF eller andre som er inviterte av styret.
- d. Gyldig vedtak krev meir enn halvparten av dei avgitte stemmene, dersom ikke anna er bestemt i vedtektene.

### Saksliste for årsmøtet

Årsmøtet skal handsama følgjande saker:

- a. Konstituering
  - 1. Opning.
  - 2. Navneopprop
  - 3. Godkjenning av innkallinga.
  - 4. Godkjenning av sakslista.
  - 5. Val av møteleiar og referent.
  - 6. Val av protokollunderskrivere.
- b. Godkjenning av årsmelding og rekneskap.
- c. Saker framsett av musikkorpsets styre og medlemmer.
- d. Plan og budsjett, herunder medlemskontingent og langtidsbudsjett.
- e. Val.

På årsmøtet skal desse val gjerast:

- 1. Val av styre i samsvar med § 6.
  - Leiar og kasserar skal veljast ved særskilde val.
  - Valet gjeld for to år, såleis at to eller tre går ut kvart år. Ombod i styret gjeld for eitt år.
- 2. Val av to vararepresentantar til styret.
- 3. Val av to revisorar.
- 4. Val av to hjelpemenn til materialstyraren.
- 5. Val av ein kandidat med vararepresentant til styret for Kulturhuset "Sentrum".
- 6. Val av eit medlem med vararepresentant til styret for Arna Skulemusikklag, Ytre Arna.

Dei som vert valde må ha gyldig medlemskap og ha sagt seg villige til å ta imot verv. Alle saker vert avgjorde med vanleg røystefleirtal med mindre det i lovene er nedfelt spesielle forhold som krev annan avgjerdsform med høgare røystefleirtal. Val skal være skriftleg dersom nokon krev det.

Om ein av styremedlemane vert borte frå laget resten av funksjonstida eller sluttar, kan styret om dei finn det turvande supplere seg med ein av dei andre medlemane i laget

## **§ 6 STYRET**

### **6.1 Samansetjing og konstituering**

- a. Laget vert leia av eit styre på fem medlemmer valde av årsmøtet. Ombod i styret er leiar, nestleiar, kasserar, materialforvaltar og referent.
- b. I konstituerande styremøte vert ansvar for faglege/praktiske ansvarsområder fordelt.

## **6.2 Fullmakter**

- a. Styret skal sjå til at vedtak frå årsmøte vert gjennomførte. Likeins skal det takast opp til drøfting saker som vert sendte inn frå medlemmer.
- b. Styret kan setje ned dei utvalg og komiteer det er behov for.
- c. Styret kan revidera og utforma dei regler og instruksjer det er behov for å presisera, og regulera musikkorpsets ansvar og aktivitetar.
- d. Styreleiar eller to av styremedlemmene teiknar Arne Musikforening.
- e. Kasserer har eineprokura.

## **6.3 Innkalling til styremøter - beslutninger**

- a. Styret har møte så ofte leiaren finn det turvande eller når tre styremedlemmer gjer krav om det.
- b. Første vararepresentant skal kallas inn til alle styremøter og har tale- og forslagsrett. Dersom nokon av styremedlemmene ikkje er til stades, har vararepresentant og røysterett
- c. Styret kan ikkje gjere vedtak i saker utan at det er minst tre av styremedlemmane, medrekna ein vararepresentant til stades.
- d. Styret skal føra møtebok, og alle vedtak skal vera tilgjengelege for medlemmene.

## **6.4 Årsavslutning**

Styret skal ha utarbeida årsmelding og avslutta rekneskap for kvar årsmøteperiode. Rekneskapen skal reviderast av revisorer valgt av årsmøtet.

## **6.5 Personalansvar**

Styret har ansvaret for engasjement, tilsettingar og oppseiingar, og har fullmakt til å inngå lønns - og arbeidsavtaler. Styret er ansvarleg for å innhente politiattest på dei som har tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar har det daglige personalansvar.

## **6.6 Beredskapsplan for korps**

Styret pliktar å holda seg til beredskapsplan for korps når korpset drar på turer og deltek på arrangement.

## **§ 7 KOMITEAR**

### **7.1 Revisjon**

Revisorene skal gjennomgå rekneskapen for kvar årsmøteperiode og leggja fram melding for årsmøtet.

### **7.2 Valkomiteen**

Valkomiteen skal nominera valbare kandidatar til tillitsverv.

## **§ 8 USEMJE/TVISTAR**

Usemje/tvistar om forståinga av vedtektene skal leggjast fram for krinsstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

## **§ 9 SAMANSLÅING.**

Laget kan berre gå saman med korps som har til einaste føremål å fremja god musikk. Spørsmål om å gå saman med eit anna korps, kan berre avgjerast av årsmøtet og må ha minst 2/3 fleirtal.

## **§ 10 OPPLØYSING AV LAGET**

- a. Ved vedtak om oppløysing av laget, må dette gjerast på to ordinære årsmøte etter kvarandre. Vedtaket skal ha minst 2/3 fleirtal kvar gong.
- b. Vert det gjort vedtak om oppløysing av laget skal det siste årsmøte vedta kven som skal overta laget sine eigneluter.
- c. Vedtak om utmelding av NMF skal gjerast på 2 årsmøter etter kvarandre med minst ein måned i mellom kvart møte. Vedtaket krev 2/3 fleirtal. Utmeldinga skal skje skriftleg og sendast NMF via Hordaland krets seinast 15. november, for at utmeldinga skal vera gyldig frå 1. januar neste år. Ved utmelding sluttar alle rettar til NMF sine ytingar, tilbod og verdiar.

### **§ 11 Lovbrigde**

Årsmøtet kan endre desse vedtektene med 2/3 fleirtal.

### **Lovene gjeld frå**

Desse vedtektene vart vedtatt på ekstra årsmøtet 7.mars 2012 og gjeld frå same dato.